



Alver Hotel AS  
Alvervegen 100  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1004 - 16/24254

Saksbehandlar:  
Tove Mette Arnø Fyllingen  
ftm@lindas.kommune.no

Dato:  
09.09.2016

## Søknad om skjenkeløyve

Alver Hotel AS

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Med helsing  
Tove Mette Arnø Fyllingen  
avdelingsleiar

*Dokumentet er signert elektronisk.*



Andre mottakarar:

Alver Hotel AS

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
090/16	Formannskapet	PS	01.09.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Terje Sætre	16/1004

## Søknad om fornying av skjenkeløyve - Alver Hotel as

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av alkohollova §§ 1-4b, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2, 4-3, og 4-4 blir Alver Hotel as, org.nr. 910 136 216, gitt skjenkeløyve med følgjande spesifikasjon:

- Tidsrom: 01.07.2016 – 30.09.2020
- Styrar: Heidi C. Hilland, f. 01.10.74
- Avlørsar: Runar E. Hilland, f. 01.07.76
- Serveringsstad: Alver Hotel, 5911 Alversund
- Alkoholvare: All alkoholhaldig drikk.
- Omfang: Alminneleg skjenkeløyve
- Type verksemd: Hotelldrift/pub («Skramkjellar»)
- Skjenketid i samsvar med kommunens forskrift om skjenke- og opningstider, jfr. del II i kommunens alkoholpolitiske plan.
- Verksemda må ha godkjenning av Mattilsynet
- Brannsikkerheitsmessige forhold må vere forsvarlege og i samsvar med brannforskriftene.
- Krav om tilstrekkeleg vakthald og tilfredsstillande opplegg for orden på området.
- Løyveharar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvens for dei vilkår løyvet er gitt på.

#### Skjenkeareal:

- Skramkjellar: 45 sitteplassar og 40 ståplassar

#### Skjenkeareal 1.etasje:

- Restaurant og bar: 280 kvm., 180 sitteplassar og 100 ståplassar
- Sal merka «Plenumsal» inkl. salong E: 150 kvm., 125 personar. Lobbybar resepsjon.

#### Skjenkeareal 2. etasje

- A-sal: 80 kvm., 70 personar
- B-sal: 50 kvm., 41 personar
- C-sal: 60 kvm., 50 personar
- F-sal: 39 kvm., 33 personar
- Peisestue: 40 kvm., 40 personar

#### Skjenkeareal – uteservering

- Hage utanfor bar og restaurant i hotellets 1.etasje. Vilkår for skjenking er oppfylling

av vilkår gitt i kommunens alkoholpolitisk plan pkt. 4.5.3 «Avgrensing av skjenkearealet – uteservering»

- Terasse utanfor sal A i hotellets 2.etasje: 51 kvm. 45 personar
- Terasse utanfor sal B i hotellets 2. etasje: 27 kvm. 22 personar
- Terasse utanfor sal C i hotellets 2.etasje: 27 kvm. 22 personar
- Areal merka «Terasse» nord for hotellet: Vilkår for skjenking er oppfyljing av vilkår gitt i kommunens alkoholpolitisk plan pkt. 4.5.3 «Avgrensing av skjenkearealet – uteservering»
- Uteserveringa må tilfredsstillе krava om framkomelegheit og trafikkale forhold og avgrensing av skjenkearealet, jfr. kommunens alkoholpolitiske plan pkt. 4.5.2 og 4.5.3

## Klage

Kommunens einskildvedtak etter alkohollova kap. 4 kan påklagast til Fylkesmannen i Hordaland, jfr. alkohollova § 1-16. Klagefristen er tre veker, jfr. forvaltningslova § 29.

Høve for klage må nyttast før det i tilfelle kan bli reist sivilt søksmål. Søksmålet må vere reist innan seks månader frå det tidspunkt underretning om klageavgjerda er kome fram for klagar. jfr. Lov om rettergangsmåten for tvistemål av 13. august 1915 nr. 6 §§ 435 og 437.

## **Formannskapet - 090/16**

### **FO - behandling:**

Karl Vågstøl er ugild, grunna familierelasjoner, og deltok difor ikkje under handsaming av denne saka.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **FO - vedtak:**

I medhald av alkohollova §§ 1-4b,1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2, 4-3, og 4-4 blir Alver Hotel as, org.nr. 910 136 216, gitt skjenkeløyve med følgjande spesifikasjon:

- Tidsrom: 01.07.2016 – 30.09.2020
- Styrar: Heidi C. Hilland, f. 01.10.74
- Avløyser: Runar E. Hilland, f. 01.07.76
- Serveringsstad: Alver Hotel, 5911 Alversund
- Alkoholvarer: All alkoholhaldig drikk.
- Omfang: Alminneleg skjenkeløyve
- Type verksemd: Hoteldrift/pub («Skramkjellar»)
- Skjenketid i samsvar med kommunens forskrift om skjenke- og opningstider, jfr. del II i kommunens alkoholpolitiske plan.
- Verksemda må ha godkjenning av Mattilsynet
- Brannsikkerheitsmessige forhold må vere forsvarlege og i samsvar med brannforskriftene.
- Krav om tilstrekkeleg vakthald og tilfredsstillande opplegg for orden på området.
- Løyveharar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvens for dei vilkår løyvet er gitt på.

### Skjenkeareal:

- Skramkjellar: 45 sitteplassar og 40 ståplassar

### Skjenkeareal 1.etasje:

- Restaurant og bar: 280 kvm., 180 sitteplassar og 100 ståplassar
- Sal merka «Plenumsal» inkl. salong E: 150 kvm., 125 personar. Lobbybar

resepsjon.

#### Skjenkeareal 2. etasje

- A-sal: 80 kvm., 70 personar
- B-sal: 50 kvm., 41 personar
- C-sal: 60 kvm., 50 personar
- F-sal: 39 kvm., 33 personar
- Peisestue: 40 kvm., 40 personar

#### Skjenkeareal – uteservering

- Hage utanfor bar og restaurant i hotellets 1. etasje. Vilkår for skjenking er oppfylld av vilkår gitt i kommunens alkoholpolitisk plan pkt. 4.5.3 «Avgrensing av skjenkearealet – uteservering»
- Terrasse utanfor sal A i hotellets 2. etasje: 51 kvm. 45 personar
- Terrasse utanfor sal B i hotellets 2. etasje: 27 kvm. 22 personar
- Terrasse utanfor sal C i hotellets 2. etasje: 27 kvm. 22 personar
- Areal merka «Terrasse» nord for hotellet: Vilkår for skjenking er oppfylld av vilkår gitt i kommunens alkoholpolitisk plan pkt. 4.5.3 «Avgrensing av skjenkearealet – uteservering»
- Uteserveringa må tilfredsstille krava om framkomelegheit og trafikkale forhold og avgrensing av skjenkearealet, jfr. kommunens alkoholpolitiske plan pkt. 4.5.2 og 4.5.3

#### Klage

Kommunens einskildvedtak etter alkohollova kap. 4 kan påklagast til Fylkesmannen i Hordaland, jfr. alkohollova § 1-16. Klagefristen er tre veker, jfr. forvaltningslova § 29.

Høve for klage må nyttast før det i tilfelle kan bli reist sivilt søksmål. Søksmålet må vere reist innan seks månader frå det tidspunkt underretning om klageavgjerda er kome fram for klagar. jfr. Lov om rettergangsmåten for tvistemål av 13. august 1915 nr. 6 §§ 435 og 437.

#### Saksopplysningar:

##### Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Kontrollutvalet for alkohol (uttalen blir ettersendt)

Saka skal avgjerast i Formannskapet

#### Vedlegg:

Sjå alkoholpolitisk plan 2016-2020, vedlegg til søknad om skjenkeløyve - Nye Loftet øl og vinstue as

#### Bakgrunn

Fornyng av løyve skjer ikkje automatisk, men på grunnlag av ei ny vurdering av om løyve skal bli gitt. Kriterier gitt i alkohollova § 1-7a og kommunens alkoholpolitiske plan er lagt til grunn i vurderinga av søknaden.

#### Vurdering

Fornyng av løyvet etter løyveperiodens utløp står rettsleg i same stilling som ny søknad. Løyvehavar har ikkje rettskrav på å få fornye løyvet. Kwart kommunestyret

står fritt til å gi løyve eller avslå søknader om fornying av løyve ut frå ei konkret vurdering av omsyna i alkohollova § 1-7a «Kommunens skjønnsutøvelse ved behandling av søknad om bevilling for salg eller skjenking m.v.», eller ønske om å føre ein strengare eller meir liberal løyvepraksis.

Ifølgje kommunens alkoholpolitiske plan 2016-2020 blir løyve av alkoholhaldig drikk gruppe 1 og til skjenking av alkoholhaldig drikk gitt for periodar inntil 4 år, med opphøyr seinast 30.september året etter at nytt kommunestyre tiltrer – jfr. også alkohollovens § 1-6 «Bevillingsperioden».

Det blir søkt om same vilkår for perioden 2016-2020 som for førre periode.

Det ligg føre uttale frå sosialtenesta, politi, skatte- og avgiftsmyndigheiter. Ingen vandelsmessige manglar, som kan bli tillagt betydning, er knytt til søkjar.

Søknaden blir tilrådd innvilga.